

Årsmelding for Holmedal montessoriskule 2016

Holmedal montessoriskule er inne i sitt 12. driftsår, og har vore i vanleg drift heile kalenderåret. Tilsette har vore: Rektor: Oddveig Lyngstad, Lærer: Marit Nygaard Aasnes, Olga Margrethe Ask Skrede, Ank De Jong (ut skuleåret 2015/2016), Dagny Sagosen Haugsvær, Liesbeth Fokker, Ingvild Søgner (permisjon frå februar 2016), Dona Pursall, Mildrid Skaar (ut skuleåret 2015/2016), Even Bøthun, Torhild Ask (frå februar). Fagarbeidar/assistent: Helga Carlsen, Miriam T. Harbo og Ann-Mari Søreide. Øyvind Selvik har vore leigd inn som musikk lærar gjennom kulturskulen. Reinholdar: Synnøve Krogenes. Helga Carlsen har hatt nedvask og boning, og har vikariert som reinholdar ved sjukefråver. *Henny Vågane (kantormedarbeidar).*

Tal på lærarårsverk knytt til undervisning var pr.1.1.2016 6,18. Dette er inkludert leige av musikk lærar frå Askvoll kulturskule. Totalt representerte skulen då 9,95 faste årsverk. Pr 31.12.2016 var 5,3 årsverk knytte til undervisning, som før er talet inkludert leige av musikk lærar. Nedgangen i årsverk er knytt til endringar i enkeltvedtak og nedgang i elevtal. Totalt representerte skulen ved utgangen av 2016 8,95 faste årsverk.

Alle fast tilsette har tilleggstudanning i montessoripedagogikk. Ein lærar fullførte vidareutdanning i ordninga «Kompetanse for kvalitet» (Udir) våren 2016.

Styret har vore: Gry Losnegård Hansen, Ann Kristin Torsheim Ask, Synnøve Rivedal, Jan Steffen Helle og Gaute Losnegård. Vara: Gro Eikebø Stang og Dan Ørjan Bauge. Oddveig Lyngstad møter som dagleg leiar, Dagny Sagosen Haugsvær har møtt som representant for undervisningspersonalet og Henny Vågane har møtt som representant for anna personale. Olga Margrethe Ask Skrede har møtt som vara for representant for undervisningspersonalet. Sigrid Hoddevik Losnegård/Simon Sandnes Helle vert innkalla som representantar for elevrådet, og har høve til å møte i saker som vedkjem skulemiljøet. Skulestyret har hatt 7 styremøter og 23 nummererte saker.

Elevtalet var 42 frå januar til juni, 41 frå august til november, og 40 frå november til desember. Skulen har vore delt i to: 1. – 3. trinn har utgjort gruppe 1 og 4. – 7. trinn gruppe 2. Skulen har tilbydd ei ordning som vi kallar «etter skuletid». Eit tilbod til elevar på 1. – 4. trinn. Våren 2016 brukte 11 elevar ordninga, hausten 2016 var det 9 elevar som nytta ES, dei fleste ikkje kvar dag.

Skulen har arrangert open skule for nye søkjarar i januar, open dag for foreldre og elevar i februar, vårdugnad i mai, sommarfest/sommarmarknad i juni, haustdugnad i september og utviklingssamtaler vår og haust.

Det vart det montert akustikkplater i ett klasserom (gruppe 2) og på skulekjøkkenet hausten 2016. Vi har også montert nytt fordelingskåp for datanettverk i gruppe 1.

For styret ved Holmedal montessoriskule

Gry Losnegård Hansen

Gry Losnegård Hansen, leiar

Gaute Losnegård
Dan Ørjan Bauge
Jan Steffen Helle
Henny Vågane

Synnøve Rivedal
Dagny K.S. Haugsvær
Oddveig Lyngstad